



Det Norske Totalavholdsselskap

Postadresse: Postboks 140, 5903 Isdalstø



Til Lindås kommune
v/formannskapet, kommunestyret og ev. andre utval som skal handsama saka

Uttale frå Det Norske Totalavholdsselskap og Lindås Fråhaldslag vedrørende flytting av Vinmonopolet til Knarvik senter

Lindås Fråhaldslag ser av media at kommunen i nær framtid skal avgjera om Vinmonopolet skal få flytta til større og meir attraktive lokale i Knarvik senter.

Me vil åtvare mot eit slikt løyve av alkoholpolitiske årsaker, og vil oppmoda politikarane i Lindås til å setja folkehelsa framfor næringsinteressene.

Ikkje viktig av omsyn til Vinmonopolets legitimitet

At Vinmonopolet vil få større omsetnad ved å flytta til et senter med eksponering direkte mot E39, og nærleik til parkeringsplassar både utandørs på gateplan og i parkeringshus, er fullt forståeleg av kommersielle årsaker. Det er forventningane til auka sal som gjer ei slik flytting aktuell.

Vinmonopolet er eitt av dei viktigaste verkemidla for å støtta til den restriktive norske alkoholpolitikken. Polordninga har etter kvart fått høg oppslutnad i Noreg. Undersøkingar viser at meir enn 60 % støttar opp om ordninga, og det er viktig. Men på same tid fortel det at det dermed ikkje er spesielt viktig å gjera Vinmonopolet endå meir attraktivt og tilgjengeleg for folk flest. Når polet har hatt stor auke i salet dei siste åra ved å oppretta fleire og sjølvbetente utsal, er det no eit politisk ansvar å bidra til å bremsa alkoholflyten der ein kan.

Fører til auka forbruk og fleire helseskader

Samtidig viser all forskning at det er totalforbruket av alkohol i befolkninga som avgjer det totale skadeområdet alkoholen påfører samfunnet, både i form av vold, ulukker og skader og ikkje minst langvarig avhengigheit og omsorgssvikt. Når totalforbruket aukar med ei eining, aukar talet på storforbrukarar med fire einingar. Undersøkingar viser at 8-10 % av befolkninga i Noreg alt har eit problemfylt forhold til alkohol, desse drikk halvparten av all alkohol som vert konsumert. Er det grunn til å tru at talet er mindre i Knarvik-området?

Skadar tredjepart

For kvar person som har eit alkoholproblem, er det minst to pårørande som vert negativt ramma av denne personen. At anslagsvis 40 % av barnevernsbarna er barn av dei 10 % som drikk mest, kan illustrera det. Og det er heller ikkje overraskande at dess meir ein drikk, dess høgare er sjansane for skilsmisse og samlivsbrot.

Det største skadeområdet står likevel dei mange som drikk alkohol *av og til* for, fordi dei utgjør så stor del av befolkninga.

Omtrent 60 % av trafikkulukkene,
60 % av valdtektene,
70 % av drapstilfella og
80 % av valden i Noreg skjer i alkoholrus.
30 % av korttidsfråveret på jobb og
15 % av langtidsfråveret kjem direkte av alkoholbruk.
Norsk forskning har vist at ein gjennomsnittsauke av alkoholkonsumet på 1 liter fører til ein auke i sjukefråveret for menn på 13 %.



Det Norske Totalavholdsselskap

Postadresse: Postboks 140, 5903 Isdalstø

Auka utgifter for kommunen og nedsett livskvalitet for mange

Alt dette går naturlegvis utover utgiftssida på kommunale budsjett både i form av barnevern, helse- og sosialutgifter, familievern og utgifter knytt til kriminalitet, samferdsel og ikkje minst arbeidsliv. Det er kommunen og det offentlege som må ta utgiftene når alkohalnæringa får betre vilkår, men det viktigaste er likevel omsynet til alle dei som bur i kommunen som må betala gjennom nedsett livskvalitet.

Eit kjøpesenter for alle

På Knarvik senter vil det, i motsetnad til der Vinmonopolet i dag er lokalisert, koma kundar som ikkje hadde tenkt å handla på polet, men som likevel går innom når dei eigentleg var ute for å handle daglegvarer, klede, leikar eller anna. Det er desse som vil gjera ei flytting lønsam. Men er det slik me vil ha det i lokalsamfunnet? Vil me at det mangfaldet av folk som oppheld seg på kjøpesenteret, på tvers av kulturar, generasjonar og ulike bakgrunnar skal utsetjast for ei dagleg påminning om at alkoholen har ein naturleg plass i samværskulturen, også her i kjøpesenteret? Kven er det som eigentleg har glede av det? Kva med signaleffekten på barn og unge som ser at alkohol vert seld som ei vanleg vare i senteret?

Ville det ikkje vore ei støtte for dei 10 % som er alkoholavhengige om dei slapp å bli freista til å kjøpa alkohol når det eigentleg var klede og daglegvarer dei skulle handla?

Kanskje er det best for folk flest om Vinmonopolet er ein stad for seg sjølv, som folk må velja å oppsøkjja?

Ein gedigen Vinmonopolbutikk i Knarvik senter vil naturlegvis også trekkja folk til dei andre butikkane, folk som kan hende elles ikkje hadde kome, så det er forståeleg at senteret ønskjer seg dette. Men det er opp til politikarane i kommunen å vega dette ønsket om auka alkoholsal opp mot dei konsekvensane det har for dei svakaste gruppene i kommunen. Alkoholovens §1-7a viser fleire døme på alkoholpolitiske omsyn som politikarar bør vurderer å bruka i denne saka: målgruppe, næringsmessige omsyn og omsyn til lokalmiljøet.

Det Norske Totalavholdsselskap og Lindås fråhaldslag tilrår at Vinmonopolet ikkje vert flytta, av omsyn til dei negative verknadene auka alkoholsal vil ha på lokalmiljøet og dei som bruker Knarvik senter dagleg, ikkje minst på alle skuleungdomane som er der. Dagens plassering gjer det nødvendig å aktivt oppsøkjja Vinmonopolet, og slik kan det med fordel halda fram med å vera i Knarvik. Det er ikkje nødvendig med meir tilgjengeleg alkoholsal når me veit at det kan føra til at fleire av dei som bur i kommunen vil utvikla eit alkoholproblem eller påføra seg sjølv og andre fylleskader.


Så kan ein kanskje seia at; er det så farleg då? Det er då berre ein liten auke me pratar om her?

Då er spørsmålet: Om auken er så liten, er det kanskje ikkje så viktig for polet å flytta heller?


Og så må vi hugsa på at norsk alkoholpolitikk tilsynelatande har lege fast alle desse åra der talet på skjenkestader er tredobla og totalforbruket av alkohol har auka med 40 % i høve til 90-åra. Korleis har det vorte slik? Jau, det er dei mange små liberaliseringstiltaka, steg for steg. Ingen veldig dramatiske. Men summen er dramatisk.

Isdalstø, 17. oktober 2014

Det Norske Totalavholdsselskap


Marit Barene
generalsekretær

Lindås Fråhaldslag


Sissel-Anny Hjelmtveit
leiar